

HJØRUNGAVÅG IL KLUBBHUS JOMSVOLL

Hjørungavåg IL Klubbhus har plass til inntil ca. 70 personar, og har bord, stolar og dekketøy til ca. 60 personar.

UTLEIGEPRISAR:

Barneselskap (inntil 4 timar)	kr. 700,-
Møte/Selskap/1 salong (inntil 4 timar)	kr. 700,-
Leige ein heil vekedag t.d. kurs	kr. 1.000,-
Leige eit døgn helg (fredag-laurdag/laurdag-søndag)	kr. 1.600,-
Leige heil helg (fredag-søndag)	kr. 3.000,-

Leige til konfirmasjonar kan tingast 3 år fram i tid. Lokalet blir leigd ut til konfirmasjon både laurdag og søndag. Skal ein ha konfirmasjon laurdag, kan ein få nøkkel fredag til pynting. Og ved konfirmasjon søndag, kan ein pynte laurdag kveld. Om ein treng lokalet til konfirmasjon heile helga, må dette spesielt avtalast.

Leigetakar ryddar og vaskar alltid etter bruk. Avfall må leigetakar ta med heim.

Vask må spesielt avtalast og kjem i tillegg til leigeprisen kr. 700,-.

Eventuelle skadar på inventar eller lokalet må erstattast. Dette blir etterfakturert.

Det er røykeforbod inne i lokalet.

Vi leiger ikkje ut til ungdomsfestar.

BETALING:

Betaling skal skje **på førehand**. Det kan gjerast via:

- **Vipps til : 584269 HJØRUNGAVÅG IDRETTSLAG**
- **Faktura/Innbetaling til kontonummer: 4093.30.41842.**

Merk innbetalinga med namn, dato og leige av klubbhus.

Innbetaling skal visast fram ved overlevering av nøkkel.

Leige avtales med Vibekke Slinning mobil : 41 22 72 42,
eventuelt Nancy Samland mobil: 97 96 08 94

INFORMASJON OG RETNINGSLINJER VED LEIGE AV KLUBBHUSET - JOMSVOLL

1. VASKEMIDDEL TIL REINHOLD PÅ KJØKKENET FINN DU UNDER VASKEN. GJELD OGSÅ VASKEMIDDEL TIL OPPVASKMASKINA (EI TESKEI ER NOK PER BRUK)
2. OPPVASKMASKINA SKAL TØMMES OG VASKES ETTER BRUK. SJÅ OPPHENGTE BRUKSANVISNING.
3. BRUK HELST EINGONGSKLUTAR TIL VASK AV BORD, BENKAR OG Å TØRKE OPPVASK MED. DETTE LIGG I SKUFFA UNDER VASKEN.
4. KJØKKENUTSTYR SKAL VASKES ETTER BRUK, OG SETTES INN IGJEN I SKAPA.
5. VASK ALLE BORD OG BENKAR ETTER BRUK. SJEKK OGSÅ STOLANE, TØRK VEKK FLEKKAR. IKKJE STABL STOLAR SOM DET LIGG KAKERESTAR PÅ!
6. EIN FINN DET EIN TRENG AV VASKEUTSTYR I BODA UNDER TRAPPA NEDE. DER ER MOPPEUTSTYR, BØTTE, VASKEMIDDEL OG DET EIN TRENG.
7. NYE SØPPEL-SEKKAR (SVARTE SEKKAR) OG KVITE POSAR TIL BOSSBØTTENE FINN EIN I SKUFFA UNDER VASKEN OG/ELLER NEDE PÅ BODA UNDER TRAPPA.
8. STØVSUGAR, HÅNDTØRK OG TOALETTPAPIR FINN EIN OGSÅ NEDE PÅ BODA UNDER TRAPPA.
9. BRUKTE KLUTAR, HÅNDKLE OG MOPPAR SKAL HENGAST NEDE PÅ BODA PÅ KANTEN AV EI BØTTE ETTER BRUK. EINGONGSKLUTAR KASTAR EIN I SØPPELET.
10. LEIGETAKAR MÅ TA MED ALT AV AVFALL HEIM.
11. MELD FRÅ TIL UTLEIGAR VED SKADE PÅ INVENTAR ELLER LOKALET. DETTE MÅ ERSTATTAST.
12. EIN MÅ REKNE MED GJENNOMGANG AV LOKALE I FORBINDELSE MED OVERLEVERING AV NØKKEL ETTER LEIGE.

EIN SKAL LEVERE FRÅ SEG LOKALET SLIK AT DET ER KLART TIL NY LEIGETAKAR!

NB! Idrettslaget har rett til å bruke garderobene ved trening og kamp. Om dette ikkje kan gjennomførast må dette avtalast spesielt.

Leige avtales med Vibekke Slinning mobil : 41 22 72 42,
eventuelt Nancy Samland mobil: 97 96 08 94

RETNINGSLINJER VED BRUK AV KLUBBHUSET

JOMSVOLL!

**TRENAR/OPPMANN FOR LAGET HAR ANSVAR FOR AT FØLGJANDE
VERT GJORT ETTER TRENING/KAMP:**

(eventuelt gjer avtale med nokon av føresette slik at dette blir gjort)

- GARDEROBE, TOALETT OG GANG SKAL KOSTAST OG RYDDAST ETTER BRUK!
- TØM BOSSET PÅ TOALETTA OM DER ER FULLT! OG LEGG I NYE BOSSPOSAR
- VASK OVER TOALETTA OG VASKANE OM DEI ER SKITNE.

DET LIGG EINGONGSKLUTAR OG BOSSPOSAR PÅ VASKEROMMET
UNDER TRAPPA

**LOKALET OPPE STÅR TIL EIN KVAR TID KLART TIL UMLEIGE – SÅ GÅ
DIFOR IKKJE OPP!**

**VI HAR IKKJE NOKON SOM VASKAR OG RYDDAR FAST PÅ
JOMSVOLL, SÅ ALLE MÅ TA I EIT TAK OG RYDDE ETTER SEG –
PÅ DENNE MÅTEN BLIR DET KJEKT Å BRUKE JOMSVOLL BÅDE TIL
TRENING, KAMPAR OG SELSKAP 😊**